INNKALLING TIL ÅRSMØTE I HJELMELAND IDRETTSLAG

- 15. mars, kl. 19.30 - på Klubbhuset

SAKLISTE:

1. Godkjenning av dei som har stemmerett
2. Godkjenning av innkallinga, saklista og møtereglane
3. Val av møteleiar, sekretær og 2 representantar til å skrive under protokollen
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Budsjett
7. Eigenkapital - oppretting av fond for investeringar
8. Organisasjonsplan for Hjelmeland idrettslag
9. Plan for tribune ved sentralidrettsanlegget
10. Orienteringssak om stupetårn på Sande
11. Oppretting av deltidstilling som organisasjonssekretær/dagleg leiar
12. Val

Styret

1. Godkjenning av dei som har stemmerett.
Forslag til vedtak:
_____ frammøtte medlemmer blir godkjent med stemmerett.

2. Godkjenning av innkallinga, saklista og møtereglane.
Forslag til vedtak:
Innkallinga, saklista og møtereglane blir godkjende

3. Val av møteleiar, sekretær og 2 representantar til å skrive under protokollen.
Forslag til vedtak:
_____ blir vald som møteleiar
_____ og _____ blir vald til å underskriva protokollen.

4. Årsmelding (Sjå vedlagde årsmeldingar frå hovudstyret og gruppene)
Forslag til vedtak:
Årsmeldinga blir tatt til etterretning.

5. Rekneskap

Forslag til vedtak:
Rekneskapen blir godkjent.

6. Budsjett – forslag til blir lagt fram på årsmøtet.
Forslag til vedtak:
Budsjettet for 2023 blir godkjent.

7. EGENKAPITAL - FORSLAG OM ETABLERING AV FOND FOR INVESTERINGER

På bakgrunn av rettleiing og råd frå revisor vil styret føreslå at idrettslaget sin eigenkapital blir fordelt mellom «fond for investeringar» og «annaen eigenkapital»
Føremålet er å visa at ein stor del av idrettslaget sin eigenkapital er knytt til balanseført verdi av varige driftsmidlar

Forslag til vedtak:
Idrettslaget sin eigenkapital blir fom 01.01.2023 delt i «fond for investeringar» og «annan eigenkapital»
Fond for investeringar skal til ei kvar tid vera lik balanseført verdi av idrettslaget sine varige driftsmidlar

Fond for investeringar blir etablert ved at kr 3 261 500 av idrettslaget sin eigenkapital per 01.01.2023 blir overført til «fond for investeringar» frå «annan eigenkapital»
Dette medfører at annan eigenkapital blir redusert til kr 335 733.

Årlege endringar i fond for investeringar:

- Investeringar i varige driftsmidlar blir godkjent av styret. Investeringar godkjent av styret blir ført til reduksjon i annan eigenkapital og auke i fond for investeringar
- Sal av varige driftsmidlar blir godkjent av styret. Balanseført verdi av varig driftsmiddel som avhendast blir ført til auke i annan eigenkapital og reduksjon i fond for investeringar
- Årlege avskrivingar blir dekka av fond for investeringar.

8. Organisasjonsplan

Styret har gjennomført ein mindre revisjon av organisasjonsplanen. Innhaldet er i hovudsak som før, men med nokre endringar blant anna i kapittelet om føremål, og organisering og oppgåver.

Forslag til vedtak:
Revidert organisasjonsplan blir vedtatt.

9. Utbygging av tribune - sentralidrettsanlegget

På kunstgrasbana ved sentralidrettsanlegget på Røgjelstad blir det spela mange fotballkampar gjennom året.
Styret meiner det er viktig å leggja til rette for at fotballkampane kan vera ein sosial arena, og eit treffpunkt for folk i bygda.
Dei siste åra har ein sett ei aukande interesse frå publikum, og det er ofte mange som kjem for å sjå på kamp, både a-lags kampar og i barne- og ungdomsfotballen. Her treffest folk i alle aldrar.
For å gjera opplevinga betre for publikum, lag og trenarar ønskjer styret å setja i gong eit arbeid for å planleggja og byggja tribune, etter modell av tribunen som MIL har på sin bane på Tau.
Styret ber difor årsmøtet om fullmakt til å arbeida vidare med plan for tribune, både plan for utforming og for finansiering.

Forslag til vedtak:
Styret får fullmakt til å starte planlegging av bygging av tribune ved sentralidrettsanlegget, og førebu søknad om spelemidlar.

10. Orienteringssak – Stupetårn Sande

Hjelmeland idrettslag i samarbeid med MOWI har tatt initiativ ovanfor Hjelmeland kommune for å få etablert eit stupetårn ved badeplassen på Sande.
Dette for å auka aktivitetstilbodet til innbyggjerar og besøkande. Kostnadar med etablering av stupetårnet vil bli dekka av MOWI.

Forslag til vedtak:
Orientering om stupetårn blir tatt til etteretning.

11. Oppretting av deltidsstilling som organisasjonssekretær/dagleg leiar

Hjelmeland idrettslag er ein organisasjon med relativt stor aktivitet. Me skal kunna gi eit godt og trygt aktivitetstilbod til våre medlemmer.
For idrettslag, som for dei fleste organisasjonar og selskap, er det stadig aukande krav til

kompetanse, organisering og dokumentasjon av aktivitet. Dette krev ressursar. Til denne tid har idrettslaget stort sett løyst arbeidsoppgåvene gjennom dugnad. Unnataket er at ein i periodar har nokre lønna trenarressursar. Ein har vald å nytta dei økonomiske ressursane først og fremst til investeringar i anlegg og i aktivitet. Adminsitrasjon og organisasjonsutvikling har vore drive med dugnad.
Styret opplever at grunna aukande krav til administrasjon, organisering, internkontroll og kvalitetsstyring blir det stadig meir utfordrande for det valde styret og andre frivillige å halde tritt. Mykje av aktiviteten og investeringane blir dessutan mogleg med midlar som hentast inn som tilskot frå ulike tilskotsordningar, både offentlege og frå private organisasjonar/stiftelsar. Arbeid med søknadar og rapportering krev også tid og ressursar.
Godt og grundig arbeid med søknad om midlar, oppfølging av medlemsregister og rapportering vil truleg også gi grunnlag for auka inntekter.
Styret meiner difor at ein har komme til eit punkt der ein bør vurdera om det skal tilsetjast ein organisasjonssekretær/ dagleg leiar i idrettslaget.
Idrettslaget har ikkje økonomi og medlemsgrunnlag til å tilsetje i full stilling, og ein meiner difor ein må vurdere ein deltidsstilling.
Styret ber difor årsmøtet om tilslutning til at ein startar arbeidet med å utarbeide eit grunnlag for tilsetting av ein organisasjonsmedarbeidar, inkludert plan for finansiering av ein deltidsstilling.
Målet er at ein til neste års årsmøte kan leggja fram eit forslag om utforming av stilling og budsjett for finansiering av stillinga.

Forslag til vedtak:
Årsmøtet gir styret tilslutning til å starte arbeidet med å utarbeide eit grunnlag for tilsetting av ein organisasjonsmedarbeidar, inkludert plan for finansiering av ein deltidsstilling.
Til neste års årsmøte skal styret leggja fram si tilråding og eventuelt budsjett for finansiering av stillinga.

12. Val – forslag til nye kandidatar til styret blir lagt fram på årsmøtet.
Desse verva skal veljast:
Nestleiar
Sekretær
2 varamenn
Valkomité
Kontrollkomité

Forslag til vedtak: I samsvar med innstillinga frå valkomitéen